



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	30.01.2017
05/2017	Kommunestyret	PS	13.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FE - 141	14/1401

### SAMFUNNSDELEN AV KOMMUNEPLANEN TIL VEDTAK

#### Vedlegg:

Samfunnsdelen, samanfatning av merknader  
Kommuneplan samfunnsdel 2017-2028

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2017 - 2028 vert vedtatt med heimel i Plan- og bygningslova §11-15

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 07/2017

##### FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

##### FPØ - Tilråding:

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2017 - 2028 vert vedtatt med heimel i Plan- og bygningslova §11-15

#### Kommunestyret - Sak 05/2017

##### KOM - Behandling:

Tilleggsframlegg frå Anneli Vatile Lilletvedt,H:

*Ønskjer desse tiltaka innarbeidd i planen:*

*Næring*

*Synleggjer i tekst:*

*Opna nye moglegheter for:*

*Ledige næringslokale Dale/ Vaksdal*

*Mulighet til å etablere nye arbeidsplassar*

*Styrka etablerte arbeidsplassar*

*Beligenhet til ny veg bane*

#### Tilleggsframlegg frå Bjørn Roald, H:

*Dette er den delen av Vaksdal kommune som har det største potensialet for å motivere folk til å flytte til kommunen ved siden av logistikkdelen som følger av K5.*

*Her bør krefter fra de forskjellige friluftslagene bl.a. Turistforeningen (Bergen og Hordaland Turlag) komme sammen for å strukturere tilbudet vi har i dag samt muligheter for å utvide det.*

*I samsvar med dette må vi få med grunneiere for å høre hvilke tanker de har, og eventuelt nye ideer om fritidsaktiviteter/tilbud de kan se for seg. Under dette kommer også gardsturisme og gardsnæring.*

- *Plan/oversikt over aktuelle muligheter kommunen har på området.*
- *Plan for markedsføring av natur og friluftsliv i kommunen.*
- *Aktuelle områder for ny hyttebygging*
- *Fritidsanlegg; alpint, løypeanlegg, topturer, klatring, sjø og vann med padling etc.*
- *Områder for fritidsfiske.*
- *Jakt.*

*Hva med å lansere Vaksdal kommune som et sentralt område for natur og friluftsliv ved å fremheve mulighetene og verdiene som ligger rundt oss. (se Voss som ekstremsportsted)*

*Vi bør ha:*

- *En egen plan for dette området*
- *Dedikerte folk som jobber spesielt med dette*

#### **Røysting:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over om innkomne framlegg skal innarbeidast i samfunnsdelen av kommuneplanen:

- Bjørn Roald sitt framlegg fekk 7 røyster (Kjartan Haugsnes og Line Kydland frå SV, H, MDG, Sigmund Simmenes og Jarle Audestad frå SP) og fall
- Anneli Vatle Lilletvedt sitt framlegg fekk 6 røyster (SV, H, MDG) og fall

Framlegga følgjer saka vidare til andre planar; arealdelen, handlingsplanar, områdeplanar m.v.

#### **KOM - Vedtak:**

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2017 - 2028 vert vedtatt med heimel i Plan- og bygningslova §11-15

#### **Saksopplysningar:**


Samfunnsdelen til kommuneplanen var til offentleg høyring i november/desember 2016. Til høyringa kom det 10 innspel. Desse er gjort greie for i vedlegget med merknadshandsaming. Dei 10 er; Fylkesmannen, Hordaland Fylkeskommune, NVE, Statens vegvesen, Jernbaneverket, Vaksdal kyrkjelege fellestråd, Fiskeridirektoratet, Vaksdal næringselskap AS, Norgesmøllene og Felleskjøpet og Bergen og Hordaland Turlag.

Dei fleste av innspela er positive til Samfunnsdelen som heilheit. Fleire av sektormyndigheitene vil naturleg nok fremje sin sektor, og er for detaljerte til denne overordna planen. Nokre av innspela vil forbetre dokumentet, og dei er etterkomne. Dette gjeld *samfunnstryggleik, natur og friluftsliv, tilgang for friluftsliv ved vassdrag og sjø og integrering.*

### Kva er samfunnsdelen?

Samfunnsdelen til kommuneplan skal fungere som eit overordna styringsverktøy for kommunen, og vere eit dokument som alle andre planar skal springe ut frå. Samfunnsdelen skal innehalde langsiktige mål og strategiar, og definere satsingsområder. Det er difor ein utfordrande balansegang å halde den på eit overordna nivå, og samstundes gjere planen så konkret og tydeleg at den vil fungere som eit styringsverktøy i praksis. Med tydelege mål og strategiar og tydeleg politikk innan definerte satsingsområde i kommunen, vil eit overordna styringsdokument kunne forenkle planarbeidet i kommunen, gjennom føreseielege rammer og tydelege ønska vegval for kommunen.

### Kommunen sitt plansystem



### Politisk ankring

Verdigrunnlag og målsettingar i planen er arbeid fram i kommunestyret, i ungdomsrådet, og det er gjennomført fleire medverknadsmøte rundt om i kommunen.

### Vurdering

Dei overordna verdiane og målsettingane gjeld kommunen som samfunn. Ei utdjuing og detaljering av målsettingar og handlingsplanar er lagt til kommunedelplanar, temaplanar eller handlingsdelen. Av nyare planverk har kan nemnast; Kommunedelplan *oppvekst* (2013), Kommunedelplan *helse- og omsorg* (2016), Overordna beredskapsplan med ROS (2015), Kulturplan (2016), Kulturminneplan (2015) og Trafikktryggleiksplan (2016).

Arealdelen til kommuneplanen er i prosess for rullering. Dette vil vere eit jamstilt plandokument som saman med Samfunnsdelen skapar ein heilheitleg kommuneplan.